SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
19/25	Styret for SEKOM sekretariat	01.09.2025
11/25	Representantskap for SEKOM sekretariat	29.09.2025

Arkiv	Sakshandsamar
	Arnar Helgheim

Budsjett 2026 SEKOM sekretariat

Vedlegg i saka:
Økonomiplan 2026 - 2029 - framlegg 20.6.25
Budsjett 2026 - framlegg 20.6.25

01.09.2025 Styret for SEKOM sekretariat

Vedtak:
Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 20.6.25 vet vedteke med følgjande tillegg:
For å oppnå likviditetsbuffer på ca 10%, aukar kommunetilskotet med 1,5% i 2028 og 2029.

Handsaming:

Dagleg leiar gjekk gjennom budsjett 2026 for SEKOM sekretariat.

Nytt framlegg i møtet:
Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 20.6.25 vet vedteke med følgjande tillegg:

For å oppnå likviditetsbuffer på ca 10%, aukar kommunetilskotet med 1,5% i 2028 og 2029.

Den nye framlegget til representantskapet vart samrøystes vedteke.

29.09.2025 Representantskap for SEKOM sekretariat

Vedtak:
Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 20.6.25 vet vedteke med følgjande tillegg:

For å oppnå likviditetsbuffer på ca 10%, aukar kommunetilskotet med 1,5% i 2028 og 2029.

Handsaming:

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 20.6.25 vert vedteke.

Saksutgreiing:
Eg viser til dei vedlagde tabellane med framlegg til detaljbudsjett for 2026 og framlegg til økonomiplan 2026 - 2029.

Økonomiplan
Dette er andre året der vi også lagar økonomiplan for selskapet. Planlegging for 4 år gir selskapet betre vilkår for å sikre likviditet og dermed stabile tilskot frå eigarkommunane.

Kommunetilskot
I framlegget er det teke utgangspunkt i at det samla kommunetilskotet ikkje aukar meir enn løns- og prisvekst. Dette er usikre tal, men for 2026, tar vi utgangspunkt i revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen som vart lagt fram i mai. Her er dermed det som ligg til grunn for budsjett 2026:

Revidert nasjonalbudsjett	Sats		Andel utg
Lønsvekst	4,40 %	2,53 %	57,40 %
Prisvekst jf KS	3,30 %	1,41 %	42,60 %
Deflator kommunesektoren		**3,93 %**	
SEKOM lønsvekst	4,40 %	3,69 %	83,9 %
SEKOM prisvekst	3,30 %	0,53 %	16,1 %
Deflator SEKOM		**4,22 %**	

Fordeling av tilskot mellom eigarane er regulert i samarbeidsavtala, og har denne fordelingsnøkkelen:

- Folketal - 50%
- Tidsbruk - 25%
- Fast beløp - 25%

Reiseutgifter er felleskostnad og påverkar ikkje fordelinga.

Med framlegget til budsjett 2026, ligg det an til denne fordelinga mellom eigarkommunane:

Kommune	Folketal 1.1.25	Tidsbruk i % 2024	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	B2025	B2026
Askvoll	2 930	10,1 %	-80 013	-73 393	-72 775	211 302	226 181
Bremanger	3 361	8,9 %	-91 783	-64 745	-72 775	221 995	229 303
Fjaler	2 924	9,1 %	-79 849	-66 424	-72 775	208 221	219 048
Gloppen	5 936	11,2 %	-162 102	-81 217	-72 775	302 696	316 093
Gulen	2 260	8,8 %	-61 717	-63 890	-72 775	191 497	198 381
Hyllestad	1 281	8,5 %	-34 982	-61 768	-72 775	152 092	169 524
Høyanger	3 894	10,1 %	-106 338	-73 836	-72 775	241 803	252 949
Solund	740	8,4 %	-20 208	-61 261	-72 775	145 432	154 244
Stryn	7 311	9,3 %	-199 650	-67 533	-72 775	331 206	339 958
Sunnfjord	22 662	15,6 %	-618 859	-113 684	-72 775	786 756	805 318
	53 299	**100,0 %**	**-1 455 500**	**-727 750**	**-727 750**	**2 793 000**	**2 911 000**

Endeleg tilskot vert avrekna ved rekneskapsavslutning og avvik vert då gjort opp mot tilskotet for neste år. Dette reknestykket vert lagt fram i note til kvart rekneskap.

Godtgjerse til representantskap og styre

I sak 16/24, vedtok representantskapet satsar for 2025. Etter dette vedtaket, skal godtgjersla regulerast pr 1. januar dei etterfølgande åra i samsvar med endring i godtgjersla for stortingsrepresentantar. Følgjande satsar ligg dermed inne i budsjettgrunnlaget for 2026:

Årleg godtgjersle	Sats	2025	2026
Stortingsrepresentantar frå 1.5.24 og 25		1 171 000	1 214 977
Leiar for styret	3 %	35 200	36 449
Leiar for representantskap	1,5 %	17 600	18 225
Medlemmar pr møte	0,1 %	1 200	1 215

Lønsutgifter
Budsjettframlegget tek utgangspunkt i noverande løn med tillegg for lønsvekst som KS-området for 2025 og stipulert auke for åra etter.

Rådgjevar har gått ned til 80% stilling i samband med delvis uttak av pensjon. Det ligg difor inne 180% stilling i 2026. Vi veit ikkje når det vert endring i dette, men i økonomiplanen ligg det inne 200% stilling frå og med 2027.

Pensjon
Som kjent, er pensjon den klart største variabelen i SEKOM sin økonomi. Med føring av premieavvik, vert dei store svingingane ikkje like synlege på rekneskapsresultatet kvart år. Men rekninga må betalast, og dermed påverkar det likviditeten like mykje som før. Det kan bli innbyrdes endring i pensjonspostane, men ikkje veldig store avvik i netto pensjonsføring. Tala vert meir usikre lenger fram i tid. Grunnlag for budsjett og økonomiplan:

Netto pensjonsføring	B26	B27	B28	B29
Netto pensjonsføring pr år	**307 000**	**344 000**	**362 000**	**377 000**

Likviditet
For å få inntrykk av likviditeten, må vi sjå disposisjonsfond saman med oppsamla premieavvik. Eg viser til saka om økonomirapport til styret 16. juni og prognosa derifrå er utgangspunkt for tabellen nedanfor:

Likviditet	Pr 31.12.26	Pr 31.12.27	Pr 31.12.28	Pr 31.12.29
Disposisjonsfonda	790 000	713 280	629 251	541 341
Oppsamla premieavvik med arb.gjevaravgift	394 155	363 411	324 766	328 222
Fond minus avvik (likviditet)	**395 845**	**349 869**	**304 485**	**213 119**
Likviditet i prosent av kommunetilskot	**13,3 %**	**11,3 %**	**9,5 %**	**6,4 %**

I samband med budsjett for 2025, vedtok representantskapet at netto til disposisjon bør vere mellom 7,5% og 20% av kommunetilskotet. Ved utgangen av 2024, var dette på 7,0% og prognosene viser ein auke til 10,7% etter 2025 og altså 13,3% ved utgangen av 2026. Deretter, kan vi vente at bufferen vert redusert. Endringa i utvikling heng saman med om vi har 180% stilling (som i 2025) eller 200% stilling (som ligg inne frå 2027). Trass noko strammare likviditet om 4 år, meiner eg vi kan halde same reelle nivå dei komande åra, men det er naturleg å vurdere dette ved kvar budsjetthandsaming. Eg viser også til sak om selskapsstrategi.

Budsjett 2026

SEKOM sekretariat

Framlegg

20.06.2025

Teneste	Konto	Utgiftspostar	R 2024	B2025 - vedeke	B2026 - framlegg
11051	10100	Fast løn	1 626 073	1 625 000	1 706 000
11051	10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	61 089	0	
11051	10504	Telefongodtgjørelse (sjå også 11309)	8 784	9 000	9 000
11051	10509	Trekkpliktig km-godtgjerdsle	18 659	15 000	15 000
11051	10800	Godtgjersle folkevalde		0	0
11051	10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	38 400	94 000	96 000
11051	10802	Variabel godtgjersle folkevalde	16 050	30 000	25 000
11051	10903	Pensjonsinnskot - KLP	443 465	475 000	450 000
11051	10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 526	4 000	4 000
11051	10990	Arbeidsgjevaravgift	222 181	230 000	226 000
11051	10992	Ekstra arbeidsgjevaravgift	5 110		
11051	11000	Kontormateriell	9 433	3 000	3 000
11051	11001	Kopieringsmateriell	250	0	0
11051	11007	Faglitteratur	4 875	0	0
11051	11150	Matvarer	2 537	10 000	6 000
11051	11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	7 225	0	0
11051	11207	Velferdstiltak tilsette	1 000	4 000	4 000
11051	11301	Bankgebyr	1 727	2 000	2 000
11051	11303	Telefon	2 463	5 000	5 000
11051	11305	Porto og frankering	194	0	0
11051	11309	Motpost fordel Elkomm (10504)	-8 784	-10 000	-9 000
11051	11401	Informasjon	0		0
11051	11402	Representasjon	0		0
11051	11500	Opplæring, kurs/seminar	72 113	80 000	75 000
11051	11502	Opplæring, kurs/seminar (løn)	0		0
11051	11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	68 046	75 000	70 000
11051	11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	7 720	12 000	10 000
11051	11855	Yrkesskadeforsikring	3 976	4 000	4 000
11051	11900	Leige av lokale og grunn	67 882	75 000	72 000
11051	11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	6 529	5 000	7 000
11051	11957	Lisensar	14 254	40 000	40 000
11051	11958	OU kontingent arbeidsgivars del	1 611		2 000
11051	11959	Kontingentar	24 018	34 000	26 000
11051	12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	0	3 000	12 000
11051	12001	Inventar og utstyr	0	15 000	25 000
11051	12701	Konsulenttenester	46 232	10 000	0
11051	13500	Kjøp av tenester frå kommunar	40 205	50 000	52 000
11051	13505	Kjøp av tenster frå interkommunale einingar	30 259	20 000	18 000
11051	13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	0	13 000	8 000
11051	14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	41 137	55 000	57 000
11051	15200	Utlån (eigenkapitalinnskot KLP)	15 595	15 000	17 000
11051	15400	Avsetnader til disposisjonsfond	41 713	50 000	75 000
11051	17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-41 137	-55 000	-57 000
11051	18500	Overføringar frå kommunar	-2 675 000	-2 793 000	-2 911 000
11051	19000	Renteinntekter	-833	0	-1 000
11051	19050	Utbytte og eigaruttak (Gjensidige)	-463		0
11051	19500	Bruk av disposisjonsfond	0	0	
17000	10908	Premieavvik KLP	-142 502	-77 000	-30 000
17000	10998	Arbeidsgjevaravgift av premieavvik KLP	-15 105	-7 000	-3 000
17100	10908	Amortisering av premieavvik KLP	44 135	0	80 000
17100	10998	Arb.g.avgift av amortisert premieavvik	4 678	0	10 000
17300	10906	Bruk av premiefond	-120 000	-120 000	-200 000
		Summar	- 680	-	-

Økonomiplan 2026 - 2029

SEKOM sekretariat

Framlegg **20.06.2025**

	Deflator	4,4 %	4,0 %	4,0 %	4,0 %
Teneste	**Konto(T)**	**B26**	**B27**	**B28**	**B29**
	Utgifter eks pensjon	2 587 000	2 820 480	2 933 299	3 050 631
	Pensjonsutgifter - brutto	450 000	425 000	425 000	425 000
	Inntekter	-2 969 000	-3 087 760	-3 211 270	-3 339 721
	Fond (minus er bruk og pluss er avsetjing)	75 000	-76 720	-84 029	-87 910
11051	**Sum Kontrollutval**	**143 000**	**81 000**	**63 000**	**48 000**
17000	**Årets premieavvik pensjon**	**-33 000**	**-50 000**	**-100 000**	**-100 000**
17100	**Amortisering premieavvik**	**90 000**	**89 000**	**97 000**	**112 000**
17300	**Premiefond pensjon**	**-200 000**	**-120 000**	**-60 000**	**-60 000**
	SEKOM	**-**	**-**	**-**	**-**